

Radøy kommune  
v/rådmann  
5936 Manger

Søknad om kommunal garanti

Styret i Aufera AS gjorde 28.06.17 vedtak om å kjøpa lokale til tidlegare Manger Fiskemat på Mangerskaien, etter brei støtte på generalforsamling og eigarmøte 31.05.17.

På bakgrunn av det ber styret om kommunal garanti på lån i Kommunalbanken på kroner 3,5 millionar. Salssum er sett til 5 millionar på det aktuelle bygget, men seljar har sagt seg villig til å ta over vårt noverande lokale – Auferahuset i Mangersnesvegn 72, som ein del av kjøpesummen, for 2,5 millionar. Lokala på Mangerskaien har stått tomt nokre år, og må gjerast ein del med. I tillegg må det ein del endringar til for å gjera lokala tenleg til vår produksjon og aktivitet.


Aufera har store forventningar til å få større lokaler, og forventar større omsetnad når ein får dette på plass.

Aufera AS søker med dette om kommunal garanti på kroner 3,5 million på lån i Kommunalbanken.

Ein føreset at dei andre eigarkommunane aukar opp sin del av garantisummen ein har på det eksisterande lånet i kommunalbanken.

Manger, 24.08.2017

Med helsing



Kari Smith  
Dagleg leiar